
Vår referanse 2021/16373-3
Dato 02.07.2021

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

ATT: Sotrasambandet og Transportforvaltning 3

Statens vegvesen / Sotrasambandet – samhandling og samarbeid Vestland Fylkeskommune

Vestland fylkeskommune (VLFK) syner til tidlegare kontakt med Statens vegvesen / Sotrasambandet om bygging av veganlegget Sotrasambandet. I siste møte, 27. mai 2021, kom vi ikkje igjennom alle innmelde punkt på sakslista. VLFK vil med dette brevet invitere til meir samhandling og samarbeid med Statens vegvesen om Sotrasambandet.

I Forholdet mellom SVV og VFLK i saka

Sotrasambandet skal bygge ny bru mellom Bergen og Sotra, med tilhøyrande veganlegg. Veganlegget omfattar riks-, fylkes- og kommunal veg. Vestland fylkeskommune er naturleg nok oppteken av det fylkeskommunale veg- og kollektivanlegget som skal byggast i sambandet med prosjektet.

Vi har difor kontakta Sotrasambandet for å invitere oss til eit samarbeid, for å syte for at dei delane av anlegget som seinare vert vårt ansvar er i tråd med våre forventningar.

Så langt har det vore eitt samarbeidsmøte. I forkant av møtet sendte vi over ei punktliste med saker vi ønskte å diskutere. Diverre var møtet kort og tida strakk ikkje til for å kunne diskutere alle punkta. Neste møte er sett opp i slutten av september 2021.

Vi er gjort kjent med at Sotrasambandet er i innspurten på forhandlingar på tildeling av kontrakt til entreprenør. Sidan det er OPS-kontrakt vil det som er til forhandling no i vesentleg grad påverke sluttresultatet av anlegget. Også det som gjeld fylkesveg. Vi ser oss difor nøydd til å sende ei formell oversending av punkta som vi ønskte å diskutere med Sotrasambandet i mai, slik at de vert gjort merksame på desse, og også, om naudsynt, vurderer dei inn i forhandlingane.

Aksjonspunkt:

- Punkta nedanfor og frå møtet 27.05 må svarast ut i dialog med VLFK

II Fylkesveganlegg; omfang og kvalitet

Reguleringsplanen syner eit omfattande veganlegg, med ein vesentleg del fylkesveg. Reguleringsplanen er utarbeidd av SVV før sams vegadministrasjon vart oppløyst, og har og vore gjennom offentlege høyringar. Vi har ingen merknader til at dette ligg til grunn for utbygginga av det fylkeskommunale veganlegget. Vår kjennskap til veganlegg er derimot at det undervegs i prosjektering og bygging vil gjerast endringar. Det kan skje av ulike grunnar; kostnader, ikkje byggbare løysingar i reguleringsplanen, byggetrinnsløysingar mv. Det er naudsynt med tett kontakt med vegegarane i dette arbeidet når det vert endringar

Aksjonspunkt:

- Punkta om omfang og kvalitet på fylkesveganlegga må svarast ut. Vi ber om at det vert sett opp eit eller fleire møte med tilstrekkeleg med tid, slik at kva forventningar vi kan ha til fylkesveganlegget vert svarta ut. Vi skal ikkje ha innsyn i forhandlingar som er underlagt teieplikt, men vi vil klargjere forventningar.
- Vidare ønskjer vi i møte å avklare korleis samhandlinga skal vere framover i byggeperioden.

III Omklassifisering

Bygging av ny riksveg gir forventningar i SVV om at dagens riksveganlegg skal omklassifiserast til fylkesveganlegg.

Sotrasambandet har vore tydeleg på at ansvar for omklassifisering av gammalt riksveganlegg til fylkeskommunal veg ligg til andre delar av Statens vegvesen enn til Sotrasambandet. Vi vil gjere merksam på at det er vurdert til å være særleg store kostnader for å sette veganlegget, og da spesielt dagens Sotrabru, i stand slik at vi kan overta. Omklassifisering av anlegget vil vere eit omfattande arbeid, og vi rår til at det vert starta omgåande. Det er Statens vegvesen / Sotrasambandet sit ansvar å syte for rett intern adressat på dette punktet.

Aksjonspunkt

- Statens vegvesen må å syte for rett intern adressat for arbeid med oppgradering før omklassifisering
- I dette arbeidet ligg plan for oppgradering
- Vi ber Statens Vegvesen om deira plan rehabilitering og estimat på kostnader

Merknad

I søknad om konsesjon er det ønske frå SVV og BKK om å leggje kabel i bru. I konsesjonssøknad om endring av trase av 2015 står at*Sotrabrua i nær framtid skal gjennom en omfattende rehabilitering. Brudekke og tårn må repareres.*»

IV Drift / vedlikehald og forvaltning

Vi ønskjer ei avklaring på omfanget av OPS-kontraktens sin driftsdel. Dette er av relevans for oss, både i prosjekterings- og anleggsfasen, i tillegg til driftsfasen. Det same gjeld forvaltning. Om OPS-kontrakten gjeld drift av fylkesveganlegget ønskjer vi å diskutere korleis vi skal samhandle i forvaltningssaker knytt til dette fylkesveganlegget.

Aksjonspunkt

- Vi manglar tilbakemelding på om driftsdelen av OPS for fylkesvegdelene. Send oss gjerne konkurransegrunnlag med anvisning kor dette er omtala

VI Samhandling med Statens vegvesen om Sotrasambandet

Vestland fylkeskommune ser at det er eit stort behov for samhandling og samarbeid med Statens vegvesen om Sotrasambandet i tida framover, både for å ivareta punkta nemnt over, og andre forhold som vil oppstå under prosjektering og bygging. Vestland fylkeskommune legg til grunn at Statens vegvesen ønskjer eit godt samarbeid med fylkeskommunen i arbeidet med Sotrasambandet.

I tida framover ønskjer vi tett dialog med for å avklare sentrale forhold knytt til Sotrasambandet.

Statens vegvesen har planar om fleire store riksvegprosjekt i vårt fylke. Også her vil det vera grenseflater mellom vegeigarane som medfører behov for samarbeid.

Med helsing

John Martin Jacobsen
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift